



Notat

Dato: 14.10.2014
Arkivsak: 2014/54-11
Saksbehandlar: marerik

Til: Samferdselsutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Indikatorar for heilskapelege bymiljøavtaler - svar på oversending

I møte i samferdselsutvalet 4. juni 2014 sette representanten Tom Skauge (FI SV R) fram følgjande oversending i samband med RS 62/2014:

I samband med melding nr. 62/14, om indikatorar for bymiljøavtaler, ber SAMU om å bli orientert når nye indikatorar er klare.

Samferdselsdepartementet har med vedlagte brev, datert 2. juni 2014, fastsett endeleg rammeverk og generelle føringar for forhandlingar om heilskapelege bymiljøavtaler.

I brevet gir Samferdselsdepartementet si tilslutning til Statens vegvesen sine tilrådingar, som omtalt i RS 62/2014. Arbeidet med å fastsette felles indikatorar for oppfølging av arealbruks- og trafikkutvikling (tidlegare omtalt som arealbruksutvikling og bilrestriktive tiltak) er starta opp og er forventa å vere klar ved utgangen av 2014.

Fylkesrådmannen vil orientere Samferdselsutvalet så fort dei to siste indikatorane er fastsett.